



Prosjektet Gull av Grus vert offisielt opna tysdag 1. mai kl. 12.

Gull av Grus med alle sine aktivitetar vert offisielt opna tysdag 1. mai. I forkant av sjølve opninga vert det frå kl. 10 sykkelrebus rundt dalen. Start og mål er på Uskedal skule. Så må alle vera på plass kl. 12 då Uskedal musikklag spelar og straks etter er sjølve opninga av prosjektet ved representant frå Sparebank1-stiftinga, Kvinnherad.

Klara Bakke frå prosjektgruppa og Uskedal Helselag fortel til Uskedalen.no at Sparebankstiftinga er den største støttespelaren Det er difor naturleg at dei er inviterte og står for sjølve opninga. Straks etter vert det Vestlandsmeisterskap i Tazan-tikken. Arenaen er klatrestativa og profilerte personar er utpeika til å vera med. Av dei, som har fått dette ærefulle oppdraget, finn vi: Ordføraren, advokaten Bjarte Døssland, rektorane Stig Berge Soldal og Bjørn Olav Tveit, Gunn Mari Mobeg frå SPAR, redaktør Håvard Sætervik og Thomas Bruvik og klatraren Christoffer Fossl.

Medlemer i Uskedal Helselag syner fram dei nye treningsapparata. Alle som ynskjer det, kan få målt blodtrykket og vera med på hjartequiz og sukkertest. Helselaget spanderer varme pølser med grove, nybakte pølsebrød frå Elin Enes.

Markeringa vert avslutta med musikk av Skulemusikken og forballkamp mellom mogne A-lagsspelarar i ein oldboyskamp mellom Uskedalen og Rosendal. Dommaren, Are Ulseth, er henta inn frå TRIO. Kampen vert sendt direkte på Kvinnheringen si nettside. Thomas Bruvik og Sigurd Børve står for kommentarane.

Her er mykje til å sjå fram til og gled seg over. Det største kulturelle løftet i Uskedalen er snart realisert.

Uskedalen.no vil ha ei brei omtale frå denne markeringa, både før etter. Innimellom vert det lagt ut saker som ligg på vent.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Gangvegane og rasteplassane vert avretta og asfalterte.



Kunstgrasbanen (Kunsten) er mest brukt av alle tilboda på Gull av Grus.